

**KONTROLLUTVALET I
ØRSKOG KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 23. mai 2019 kl. 15.00

Møtestad: rådhuset

Møtet vart leia av May-Sissel Osvik.

Elles til stades:

Målfrid Sjøstad og Kaja Kongsnes.

Meldt forfall: Øystein Eide og Olav Jan Bårdsgjerde.

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte revisor Solrun Aannø Tusvik.

Frå administrasjonen møtte rådmann Synnøve V. Synnes og økonomisjef Magny Hauge Dyrkorn. I sak 10/19 møtte sakshandsamar Bjørnar Andersen frå planavdelinga.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saklista vart godkjent. Kontrollutvalet valde å handsame sak 10/19 etter sak 06/19.

Sak 06/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 07.03.2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 7. mars 2019 blir godkjent.

Sak 07/19 - Årsmelding 2018 Ørskog kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2018 for Ørskog kommune til vitande.

Sak 08/19 - Årsrekneskap 2018 for Ørskog kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til uttale:

Ørskog kommune sitt rekneskap for 2018 blir godkjent.

Sak 09/19 - Årsmelding 2018 Ørskog kontrollutval.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 16. mai 2019 blir vedteke som årsmelding 2018 for Ørskog kontrollutval.

Sak 10/19 - Førespurnad frå Astrid Øvstedal om Ørskog kommunes oppfølging av byggesak gnr. 76 bnr. 1

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. mai 2019

Saka var lagt fram frå sekretariatet utan tilråding til vedtak.

På vegne av kontrollutvalet fremma leiar May- Sissel Osvik følgjande fellesforslag:

1. Ørskog kontrollutval ønskjer ei tilbakemelding på kva som er skjedd i saka på sitt neste møte 5. september 2019.
2. Kontrollutvalet ber om at Ørskog kommune svarar innbyggjarane sine innan dei fristane som forvaltningslova set.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Ørskog kontrollutval ønskjer ei tilbakemelding på kva som er skjedd i saka på sitt neste møte 5. september 2019.
2. Kontrollutvalet ber om at Ørskog kommune svarar innbyggjarane sine innan dei fristane som forvaltningslova set.

Sak 11/19 - Orientering om nye Ålesund.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. mai 2019

Saka var lagt fram frå sekretariatet utan tilråding til vedtak.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. På sitt neste møte 5. september 2019 ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering.

Møtet var slutt kl. 16.30

May-Sissel Osvik
leiar
(sign)

Målfrid Sjøstad
nestleiar
(sign.)

Kaja Kongsnes
medlem
(sign.)